



Saksframlegg

Søknad om utvida driftsområde Kølbotn masseuttak - dispensasjon frå kommunedelplan for sentrum

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 1 Søknad - utvida utvinningsområde.pdf
- 2 2 Grunneieravtale T Haugen.pdf
- 3 O100 Driftsplan.pdf
- 4 O101 Avslutningsplan.pdf
- 5 O200 Snitt driftsplan.pdf
- 6 O201 Snitt avslutningsplan.pdf
- 7 Kølbotn masseuttak-tekstdel til driftsplan.p df
- 8 Tilbakemelding fra DMF - utviding av uttak.PDF
- 9 Førehandsuttale til søknad om dispensasjon - gbnr. 36-2 – utviding av massetak i LNF-område - Fyresdal kommune.PDF
- 10 Fraråder og vil vurdere påklaging - uttalelse - dispensasjon - Fyresdal 36_2 - utvidet driftsomr.pdf

Bakgrunn for saka:

Jørn Helge Krossli, dagleg leiar i Krossli Singel og Sand AS, søkjar om utviding av konsesjonsområde for Kølbotn masseuttak. Masseuttaket har vore i drift sidan 2005. I 2018 vart det gitt driftskonsesjon til uttaket, denne vart overført til Krossli Singel og Sand AS i 2021 og er gyldig til 2031.

Det føreligg ikkje eigen reguleringsplan for uttaket. Det vart gitt dispensasjon frå kommunedelplan for sentrum i 2005. I 2006 vart det vedtatt ny kommunedelplan for sentrum der dagens uttaksområde vart regulert inn som masseuttak.

Til grunn for drifta ligg ei avtale med grunneigar Tarjei Haugen, denne avtala legg til rette for ei drift som går langt utover dagens konsesjonsområde.

Bakgrunn for søknad om utviding av drifta er at etableringa av datasenter på Molandsmoen har behov for tilkøyring av knuste masser i stort omfang. I tillegg til at det forventast ei auke i generell byggeaktivitet i kommunen framover. Ein når derfor grensene for dagens uttaksområde innan kort tid.


Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; strategi for areal klima og miljø

Det er søkt om dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplan for sentrum for utviding av driftsområde, punkt 3.1 i føresegner og retningsliner til planen er ei retningsline og seier: I LNF-områda kan det ikkje gjevast løyve til andre tiltak enn dei som er knytt til stadbunden næring (tradisjonelt landbruk).

Det ligg føre to vilkår for å kunne gje dispensasjon etter Plan- og bygningslova (PBL) § 19-2.

- Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegner det dispenserast frå vert vesentleg tilsidesett.
- Fordelane ved å gje dispensasjon skal vere vesentleg større enn ulempene. Om vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre, har søkjar likevel ikkje krav på dispensasjon. Då kan det gjevast dispensasjon.



Uttaksområdet ønskjast utvida i det området som er markert med ein sirkel i kartutsnittet. Vegen som går igjennom området er allereie lagt om slik at den går rundt i nedkant av eksisterande uttak. Den næraste bustaden til uttaket ligg i en avstand på om lag 100 m frå dagens uttak, og ei utviding vil ikkje gjer at uttaket kjem nærare bustaden. Anna busetting ligg mellom 300 og 570 m vekk frå uttaket. Ein kan ikkje sjå at det vil bli nokon endring i ulemper av tiltaket. Området er eit skogområde med skog av høg bonitet.

Det er her snakk om eit masseuttak i drift som driv i tråd med konsesjon gitt av direktoratet for mineralforvaltning. Området ligg sentralt i Fyresdal kommune som gir relativt kort transportavstand til store delar av kommunen. Området har særskilt kort avstand til den store

datasenter utbygginga på Molandsmoen som har eit stort behov for tilførsel av masser. For andre pukktak med godkjent drift må ein utafør kommunen sine grenser.

Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12

§ 8) Søk i offentlege kartbasar syner maskerte data for hubro. Elles er det ingen registreringar i området. Området har MiS NiN kartlegging ferdigstilt i 2025, utan markeringar av utvalde livsmiljø. Det er ikkje utført NiN kartlegging i området men i fleire områder i nærområdet, utan funn naturtyper knytt til skogsmark.

§ 10) tiltaket det er søkt om dispensasjon for er utviding av eksisterande uttaksområde for faste masser . Tiltaket vil gje liten endring i høve dagens påverknaden av området.

§ 9) kunnskapen om naturgrunnlaget i området sjåast som tilstrekkeleg sett opp mot omsøkt tiltak. Eit masseuttak vil føre til endring i landskap og naturtilhøve. Etter driftsperioden skal området tilbakeførast til skogsmark. Eksisterande toppmasser takast av og leggst tilside for å nyttast til tilbakeføring. Med kunnskapen som finnast om området meiner vi førevar prinsippet ikkje kjem til anvending i denne saka.

§ 11 og 12) Driftsplan for området legg føringar for drift og tilbakeføring. Ei total vurdering av tiltaket syner at det ikkje vil bli nokon stor endring av påverknad av nærområdet utover slik den er i dag. Tilbakeføring av areal bør utførast trinnvis etter kvart som det ikkje er behov for arealet i drifta lenger.

Vurdering etter vassressurslova

Driftsplanen for området legg føringar for å hindre avrenning til nærliggande vassdrag ved opprettinga av sedimentasjonsbasseng. Ved god oppfølging av dette tiltaket under drift kan ein ikkje sjå at tiltaket medfører fare for skade eller ulempe på ålmenne interesser i vassdraget.

Kølbotn masseuttak har vore i drift i over 20 år og uttaket drivast i tråd med godkjent driftskonsesjon. Det er i denne perioden etter kva kommunen kjenner til ikkje påvisst påverknad av natur eller vatn utover uttaksområdet. Uttaket ligg sentralt plassert i kommunen som medfører at kostnader knytt til massetransport blir eit minimum for prosjekt knytt til Molandsmoen og sentrumsområdet. Det vil i all hovudsak vere betre og kunne oppretthalde drift i eit godt fungerande masseuttak enn å opne nytt uttak i nytt område.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune har fått utsett uttale frist til 20. mars. Deiers uttaler vil bli ettersendt og eventuelle endringar i saksframlegg leggst fram i møtet.

Konklusjon:

Med bakgrunn i vurderingane over kan ein ikkje sjå at retningslinene i kommunedelplan for sentrum er sett vesentleg til side. Tiltaket vidarefører eit eksisterande tiltak og ei eksisterande drift i området. Arealet vil tilbakeførast til skogareal når drifta avsluttast.

Ulempene av tiltaket vil dreie seg om støy for næraste naboar, denne situasjonen vil vere den same som den har vore i 20 år. Fordelane ved tiltaket vil vere eit masseuttak med masser av god kvalitet som ligg sentralt plassert med tanke på transport. Uttaket har etablerte rutiner for drift i tråd med eksisterande konsesjon.

Med bakgrunn i vurderingane over meiner ein at vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplan for sentrum, for å utvide uttaksområde for Kølbotn masseuttak som angitt i søknad.

Vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades, retningsline for LNF-området blir ikkje vesentleg sett til side og fordelane ved dette uttaket er klart større enn ulempene.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år, fell også tillatinga bort.

Det må søkjast byggjeløyve på vanleg måte, jfr. Pbl §20-1

Gebyr for søknad om dispensasjon frå kommunedelplan kr 9 900,- sendast Krossli Singel og Sand AS

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør